



Referat frå kommunemøte torsdag 23. april

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka, fylkeskommunen og Sivilforsvaret

Ikkje til stades: Austevoll kommune, Hyllestad kommune og Voss herad

1. Informasjon

Nytt telefonmøte med kommunane førstkomande mandag 27. april kl. 14.30. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.15.

2. 17. mai feiring

Fylkesmannen har ingen anna informasjon kva gjeld 17. mai feiringa enn retningslinjene som står på regjeringen.no. Kommunane må med utgangspunkt i retningslinjene gjere lokale vurderingar om kva som kan gjennomførast i eigen kommune.

Regjeringa har annonserat at dei vil kome med endelege retningslinjer for årets 17. mai feiring mandag 4. mai.

Sjå dei førebelse retningslinjene

her: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/dep/kud/pressemeldinger/2020/17.-mai-ma-feirast-anneis-i-ar/helsedirektoratets-forelopige-retningslinjer-for-arets-markering-av-17.mai/id2697968/>

3. Russefeiring

Russen vil på same måte som alle andre måtte forholda seg til dei nasjonale tilrådingane som har kome, noko som legg klare restriksjonar på kva type aktivitetar dei kan gjennomføre.

4. Gjennomføring av årsmøte og generalforsamlingar

Helsedirektoratet tilrår at ein ikkje samlast i grupper på fleire enn fem personar. Tilrådinga er ikkje foreinleg med å gjennomføre større årsmøte.

Samanslutningane må avgjere med utgangspunkt i eigne vedtekter eller lover om det er rom for å avvikle årsmøte på andre måtar enn fysisk oppmøte. Skype/telefonmøte kan vere eit godt alternativ til stadlege møter. Mange av dei ulike møteløysningane opnar for å legge inn kommentarar, dette er ein funksjon som kan betre utfordringane med å vere mange inne i same videomøte.

Årsmøte kan utsetjast til hausten, eller avviklast per e-post der det er mogeleg. Vedtaksbehandling av årsmøtesaker kan gjerast per e-post i førekant av møtet.

For verksemder der hovudregelen er at møte skal skje fysisk, er det vedteke fire førebelse forskrifter heimla i koronalova som opnar for unntak.



Forskriftene er tilgjengelege her:

https://lovdata.no/artikkel/forskrifter_med_heimel_i_koronaloven/2682

5. Skule og utdanning

Fylkesmannen får mange spørsmål om kva krav som gjeld i samband med opninga av barnehagane og skulane, 1. - 4. trinn. Vi får òg mange meldingar om dei problemstillingane eigarane og kommunane må ta stilling til.

Da rettleiarane blei publisert vart det lagt vekt på å følgje dei tett og planlegge for ei opning som samstemte med innhaldet i rettleiarane. Samstundes viste det seg at forskrift og rettleiar ikkje er 100 % synkronisert i alle spørsmål. Særleg er det oppstillinga av kohortar (heretter grupper) som i mange tilfelle er vanskeleg å følgje, saman med forskrifa si formulering om ordinært barnehagetilbod.

Fylkesmannen vil difor understreke at dei nasjonale smitterettleiarane ikkje er juridiske bindande dokument, men er meint å gi råd og støtte til barnehagar og skular under koronautbrotet. Rettleiarane utdjupar det som går fram av covid-19 forskrifa § 12 b om Krav til smittevernforvarleg drift. I forskrifta er det tatt inn nokre krav som verksemndene må ha sett i verk for at kravet om smittevernforvarleg drift er ivareteke. Frå Fylkesmannen si side vil vi gi eit signal om å lese rettleiarane med eit fleksibelt blikk der formuleringane legg opp til det.

Den 23. april kom Utdanningsdirektoratet med ei presisering der dei repeterer det som står i forskrifta, nemleg at barnehagar og skular kan ha kortare opningstid. Barn med foreldre i samfunnskritiske funksjonar og barn med særleg behov skal ha eit fullt tilbod, uavhengig av opningstid.

Situasjonen til barn med særskilde opplæringsbehov er tatt opp nasjonalt, og då med uro for om desse barna får det tilbodet dei har krav på. I Vestland har Fylkesmannen fått få meldingar frå foreldre som meiner dei ikkje blir følgt godt opp. Dei meldingane vi har fått er tatt opp direkte med dei kommunane/eigarane det gjeld. Fylkemannen vil likevel nytte høvet til å minne om at vi har vore opptatt av sårbare barn sin situasjon i heile perioden sidan barnehagane og skulane stengde ned, og at vi framleis følgjer med.

Utdanningsdirektoratet planlegg for ei ny rapportering. Det er ikkje usannsynleg at barn med særskilt opplæringsbehov blir eit tema i rapporteringa. I tillegg er det behov for kunnskap om kor mange barn som nyttar barnehagetilboda, og kor mange elevar som no vender tilbake til skulane. Opningstid vert òg eit tema vi må rekne med blir etterspurd. Så langt er det ikkje avklart når rapporteringa skal gjennomførast, eller kva den heilt konkret vil spørje etter.

Når det gjeld standpunktvurdering viser Fylkesmannen til Utdanningsdirektoratet sine nettsider der det vert lagt ut informasjon. Det er stilt spørsmål om det skal vere ein felles frist for når standpunktcharakterane skal settast, men dette er enno ikkje avklart.

Spørsmål frå kommunane

- **Tilbod på fridagar og planleggingsdagar**

I brevet frå departementet og organisasjonane blei det gitt ei sterkt oppmoding om å gje eit tilbod på fridagar/raude dagar, i første omgang i påska. I dag fekk vi ei oppdatering frå Utdanningsdirektoratet som slår fast at barnehagar, skular og SFO må syte for eit tilbod til barn som har foreldre i samfunnskritiske funksjonar. Dette må vurderast konkret og i kvart tilfelle. Vi



tolkar det ikkje slik at det skal vere eit generelt tilbod til familiane som høyrer til denne gruppa.

- **Gruppeinndeling SFO**

Fylkesmannen les ikkje rettleiaren slik at det er eit krav at SFO-gruppene skal vere dei same som gruppene som er etablert i skuletida. Men at det i SFO òg er eit mål å styre kontakt og såleis organisere SFO-tida i tråd med smittevernråda. Når det gjeld utetida er tilrådinga at gruppene haldast separat på same måte som inne.

- **Foreldrebetaling**

Utdanningsdirektoratet har lagt ut informasjon på sin nettstad der dei slår fast at for foreldre som får tilbod i barnehage og SFO, gjeld dei ordinære reglane om foreldrebetaling, uavhengig av det talet på timer som tilboden omfattar. Foreldre kan søkje om moderasjon på ordinær måte. Foreldre som held barna heime utan helsegrunnar må betale eller seie frå seg plassen.

Det vert òg stilt spørsmål om det er aktuelt å gi fritak for betaling i oppseingstida for dei som seier opp plassen med grunngjeving i at tilboden er redusert. Svaret til dette er at eigarane kan fråfalle krav om betaling viss dei ønskjer. Men, spørsmålet dreier seg vel meir om det er rimeleg at foreldrebetalinga fell bort i desse tilfella ettersom eigarane ikkje har følgt opp plikta si etter den opphavelege avtalen.

Foreldrebetalinga er ein privatrettsleg avtale, den er ikkje regulert av barnehagelova.

Fylkesmannen ser at dette er ei problemstilling som krev nærmare utgreiing mellom anna i reglane om avtaleretten. Dette må vi i så fall få komme tilbake til, men vi vil uansett løfte problemstillinga til Utdanningsdirektoratet, og i tillegg høyre om dette er tatt opp i andre embete.

- **Arbeidstid for pedagogisk personell**

Vi fekk eit spørsmål om dette på førre møte. Når det gjeld arbeidstid viser vi til gjeldande regelverk som styrer reglane rundt arbeidstid og overtid, og arbeidsgjever sin styringsrett.

6. Smitte ved sjukeheim – erfaringar frå Gullstøltunet

Institusjonsleiar Eva Maria Lim orienterte om deira erfaringar med smitte på ei avdeling ved sjukeheimen.

Under orienteringa vert det vist til eit notat som skulle distribuerast saman med referatet. Dette er ikkje ferdigstilt, men vil bli distribuert så snart det er klart til utsending.

Status ved sjukeheimen når smitten oppstod

Sjukeheimen har 90 bebuarar fordelt på tre etasjar, med tre avdelingar i kvar etasje. Det er om lag 180 tilsette ved sjukeheimen. Når smitten oppstod var fleire av dei tilsette allereie i karantene grunna utanlandsreiser.

Når smitten oppstod

Fekk ein bebuar med alvorlege lungeliding som vart lagt inn på sjukhus med symptom. Før innlegging vart vedkommande testa for covid-19 og fekk påvist smitte.

Dette førte til at alle bebuarane i avdelinga med smitte måtte isolerast for å avgrense smitten til resten av sjukeheimen. Mange av dei tilsette måtte òg i karantene eller isolasjon. Som følgje av den påviste



smitten og tilsette som allereie var i karantene grunna utanlandsreiser, var på eit tidspunkt så mange som 42 av dei tilsette i karantene/isolasjon. Dette inkluderte leiarar og andre sentrale funksjonar ved sjukeheimen.

Isolering av smitten

Då det vart påvist smitte kalla dei tilbake dei som hadde vore på dagvakt for å førebu isoleringa av pasientane. Dette var tilsette som skulle isolerast sjølv. Ettersom dei allereie hadde vore i kontakt med bebruarane på denne avdeling vart det vurdert at det var best for bebruarane at dei same pleiarane utførte dette arbeidet. Etter vakta på kvelden tok personalet kontakt med dei pårørande for å informere om situasjonen og strakstiltaka som var sett i verk. Då nattevakta tok over gjekk personalet frå dagvakta heim i isolasjon.

Det vart kalla inn ekstra reinhald, og sjukeheimen vart «smittevaska». Det vart oppretta eige reinhaldsteam på avdelinga.

Vidare måtte bemanning til å handtere den vidare situasjonen sikrast. Det vart satt inn eit team flinke tilsette med god evne til å møte den krevjande situasjonen på avdelinga med smitte. Desse fekk særleg opplæring i smittehandtering. Personalet gjekk lange og fleire vaktar på rad, og dei vart «isolert» på avdelinga under vaktene slik at dei skulle redusere sannsynet for å sprei smitta til resten av sjukeheimen. Tilsette frå dei andre avdelingane fungerte som handlangarar, og leverte mat og medisinar til den aktuelle avdelinga.

Samstundes som dei tilsette innførte kohortisolering vart dei øvrige bebruarane i etasjen tilrådd å halde seg mest mogleg på eigne rom.

Utfordringar

Omfanget av tilsette som allereie var eller måtte ut i karantene/isolasjon var ei stor utfordring. Dette råka òg store deler av leiarane i sjukeheimen, noko som førte til andre tilsette måtte trø til med dei administrative oppgåvene.

Ettersom ein ikkje hadde så mykje informasjon om sjukdommen var det behov for å utvikle rutinar undervegs i handteringa. I denne prosessen opplevde dei at det kom ein del nasjonale føringar, samstundes som dei måtte gjere ein del vurderingar sjølv.

Når smitten oppstod var det strenge krav for å få lov til å teste for covid-19, og vanskeleg å få tak i testutstyr. Dette førte til at fleire hadde symptom i fleire dagar før dei blei testa, noko som var med på å gjøre situasjonen meir krevjande.

Sjukeheimen har ikkje funne ut kor smitten kom frå, sjølv om det har vert gjennomført grundig smitteoppsporing. På Gullstøltunet vart sju bebruarar smitta, og fem av desse døde. Tysdag vart Gullstøltunet erklært smittefritt.

10. Prioritering av helsehjelp i Noreg under covid-19 pandemien

Helsedirektoratet har i brev 21. april kome med oppdateringar av prioriteringar knytt til helsehjelp.

Det vert lagt opp til gradvis opning av helsehjelp-tilbodet samtidig som beredskapen vert oppretthalde.

Fylkesmannen ønskjer å trekke fram to grupper som treng særleg merksemd. Dette er sårbare barn og unge, og personar med utfordringar innan rus og psykiatri.



Sjå vedlegg for meir informasjon.

11. Munnbind hjå skular

Skulane skal ikkje konkurrere om dei same munnbinda som helsetenestene. Dersom skulane ønskjer å ha munnbind tilgjengeleg på skulen, må dette ordnast gjennom andre kanalar. Ikkje-medisinske munnbind/ansiktsmasker er tilstrekkeleg.

12. Kulturskule

Fylkesmannen har ingen forventning til at kulturskule er på plass når skulane opnar for 1 - 4 trinn mandag 27. april. Dersom kommunar vurderer at dei kan drive desse tilboda i tråd med smittevernråda, er det ikkje noko til hinder for det. Det må i så fall gjerast lokale vurderingar i kommunen om dette tilbodet kan gjerast i tråd med anbefalingane frå nasjonale helsemyndigheter.

Vi er kjent med at enkelte kulturskular har lagt til rette for alternativ undervisning med video.

Etter telefonomøtet har vi blitt gjort kjent med at Norsk kulturskoleråd arbeider med ein rettleiar som er venta å vere ferdig til 1. mai. For meir informasjon om og føringar for vurderingar knytt til kulturskuleundervisning sjå denne artikkelen:

<https://www.kulturskoleradet.no/nyheter/2020/april/smittevernveileder-for-kulturskolen-kommer-i-mai>

Norsk musikkråd har laga ein eigen rettleiing for gjennomføring av musikkøvingar for m.a. korps og kor. Denne er tilgjengeleg her: <https://www.musikk.no/nmr/om-oss/medlemsorganisasjoner/ressurser-for-medlemmer/veileder-smittevern-for-musikkovelser>

13. Friluftsbad

Covid-19 forskrifta lister opp ei rekke verksemder som skal halde stengd, blant anna svømmehallar og badeland. Inntil det skjer ei endring i forskrifta, vil dette framleis vere gjeldande.

14. Testing

Retningslinjene for testing skal tolkast strengt så lenge vi kapasiteten er avgrensa. Retningslinjene vil endre seg i takt med auka kapasitet. Det er FHI sine retningslinjer som er gjeldande til ei kvar tid.

Testkapasiteten vil snart auke, og planlegginga er i full gang i vårt fylke. Helseføretaka og kommunane samarbeider om å finne gode løysingar. Det vil verte fortløpande justeringar av testkriteria i samsvar med den gjeldande kapasiteten.

15. Brev frå Folkehelseinstituttet til kommuneoverlegane 22. april

Folkehelseinstituttet sendte 22. april ut eit brev til kommunane med mykje nyttig informasjon. Ettersom dette er informasjon som kan vere relevant for fleire i kommunane legg vi dette brevet ved referatet.



16. Utstyr

Det blir arbeidd med å forenkle prosessen med fordeling og utkøring av utstyret som kjem gjennom den nasjonale ordninga. Det har blitt avtalt eit avgrensa tal utleveringspunkt slik at utleveringer vil kunne skje raskare og meir effektivt.

Det er bestemt å gjere ei endring i fordelinga av utstyr til kommunane. Den overordna fordelingsnøkkelen på 70% (helseføretaka), 20% (kommunane) og 10% (reserve) vert ikkje endra, men av dei 20% som vert fordelt til kommunane vil 60% bli fordelt etter folketal, medan 40% vert fordelt etter smittetrykk. Dette krev at fordelingsutvala følgjer godt med slik at kommunar med smitte får det utstyret dei treng.

Private tannlegar skal ikkje ha utstyr som kjem med den nasjonale leveringa. Fylkestannlegen skal rapportere om behov til DOT.